

Årsrapport 2024



Styreleders ord

Det siste året i pelagisk næring har vært et godt år.

Pelagisk sektor endte med inntekter like under 12 milliarder kroner, noe som er en oppgang og det høyeste noensinne. Vi har hatt gode priser på både sild og makrell, og makrellen ble en eksportvinner. Tilgjengeligheten i internasjonalt farvann på kolmule var god, samtidig som prisene på råstoff til mel og olje har vært bra. Dette har bidratt til et solid økonomisk resultat for pelagisk sektor.

I torskesektoren står vi overfor en alvorlig situasjon. Det blir referert til 90-tallets bestandskrise, og det ser dessverre ikke ut til å bedre seg med det første. Heldigvis har det vært gode priser, men det vil bli utfordrende for både kyst- og havflåten. Særlig utfordrende blir det kanskje for landindustrien og leverandørindustrien.



Snøkrabbesesongen er nå snart ferdig. Fisket har vært bra. Men lukkingen av snøkrabbefisket står til enhver kritikk. Prosessen har gått for sakte, og det er åpenbart at det ikke har vært satt av nok tverrfaglige ressurser. Resultatet er flere feil i flere ledd, og det stilles med rette spørsmål om saksbehandlingen har vært god nok og tillatelsene er gitt på riktige kriterier.

Havforskningsinstituttet på rett kurs?

Fiskerinæringen står overfor betydelige utfordringer fremover med økt næringsaktivitet som havvind, karbonlagring og -fangst, havbruk til havs, torskeoppdrett og utvinning av havbunnsmineraler. Samtidig ser vi en nedgang i flere fiskebestander.

Budsjettkutt for Havforskningsinstituttet kan få alvorlige konsekvenser for fiskernes fremtid. Færre tokt og mindre forskning gir mindre kunnskap om havet, noe som er kritisk i en tid der vi trenger mer kunnskap enn noen gang. Havforskningsinstituttet spiller en avgjørende rolle i å overvåke og forstå de marine økosystemene, men det må sikres at de leverer den nødvendige innsikten og tiltakene for å ivareta fiskeriene. Vi må også stille

spørsmål ved om Havforskningsinstituttet er på rett kurs når en ser hva som skjer i havet nå.

Jeg er svært bekymret for balansen i Nordsjøen. Den rekordstore bestanden av hvitting og hyse har en betydelig innvirkning på tobis- og øyepålbestanden, og vi må spørre oss om dette er god forvaltning. Vi må også ta på alvor den økende bestanden av sjøpattedyr og fraværet av loddeforskning.



Kristian Sandtorv
styreleder

Vi står overfor mange utfordringer, men også store muligheter. Det er avgjørende at vi fortsetter å arbeide sammen for å sikre bærekraftige bestander og en sterk fremtid for næringen. Vi må fortsette å presse på for bedre forskning og forvaltning.

Jeg vil avslutte med å takke alle engasjerte styremedlemmer, representanter, medlemmer og ansatte for deres innsats og dedikasjon gjennom året. Deres arbeid har vært avgjørende for de gode resultatene vi har oppnådd. Jeg ser frem til et nytt år med godt samarbeid.

Ønsker alle et fortsatt godt fiskeriår!



Solnedgang på makrellfeltet. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Styremelding 2024 – 2025

I året som har gått har Pelagisk Forening fått fleire nye medlemmar. Styret ønsker alle nye medlemmar velkomne!

I året som har gått har Pelagisk Forening hatt møte med fiskeriministeren. I møtet blei Pelagisk Forening presentert, og foreninga sitt syn på norsk fiskeripolitikk blei lagt fram. M.a. utfordringar med reduserte kvoter, aukande CO2-avgift, og forvaltning av sjøpattedyr og lodda.



Pelagisk Forening på Stortinget. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Pelagisk Forening har delteke på relevante arenaer, bygd relasjonar, og samarbeidd med myndigheitene, og andre i næringa. Styreleiar, styremedlemmer, representantskapsordføraren, og sekretariatet har hatt mange møte med politikarar. Dette både på Stortinget, i lokala til Pelagisk Forening, på ulike partikontor, på Arendalsuka og på

andre arenaer. Styret ser på slike møte som svært positive, og som ein god måte å fremje foreininga sine synspunkt på.

Pelagisk Forening har òg hatt møte med salslag, fiskeriorganisasjonar, Referansegruppa for ressursforskning, samarbeidsorgan mot trakassering, utbyggerar av havvind m.m.

Det har vore elleve styremøte i 2024. Saker på styremøta har m.a. vore lukking av loddefisket i Barentshavet, snøkrabbe, Arendalsuka, fiskerireguleringar, utbodsområde, tema for medlemsmøte, forskning, turistfiske, fiskesalslagslova, og forslag om mellombels driftsordning for torsk.

Medlemsmøte

Pelagisk Forening har arrangert fleire medlemsmøte. Tema for møta har vore nye reglar for digital overvaking i skotsk farvatn (såkalla REM). Pelagisk Forening ser at dette er tilhøve mellom skotske myndigheiter og norske fiskarar, men ser det som ein føremon om norske myndigheiter hadde informert dei norske fiskarane tidlegare.

Pelagisk Forening har samarbeida med Scottish Pelagic Fishermen's Association om saka, og konstaterer at alt tyder på at reglane blir innført. Altså at norske fartøy må ha overvåkingsutstyret på plass, og godkjent testing, før 7. mars 2026.

Det har òg blitt halde medlemsmøte om makrellreguleringa for kystgruppa. Som kjent har overreguleringa, for flåten under 15 meter, fått stor merksemd. Kombinasjonen av god tilgang på makrell nær kysten, overregulering, og samarbeidsordningar førte til at den minste flåten overfiska sin kvote med ca. 4 500 tonn. Dette har ført til diskusjonar om overfisket skal trekkast frå heile kystgruppa, eller frå fartøya under 15 meter, og også korleis reguleringa av makrell skal skje framover. Pelagisk Forening har påpeika at slike feil i reguleringsopplegget ikkje må skje igjen.

Det er òg halde medlemsmøte om ID-kvoteordninga.

Det er halde førjulssamling med seminar. Kystvakta heldt innlegg om årets sesong, Sildelaget gav eit tilbakeblikk på fiskeriåret og Havforskningsinstituttet informerte om neste års kvotar og grunnlaget for dei.

Styret oppfattar slike medlemsmøte som nyttige, at møta har god deltaking, og at medlemmane set pris på medlemsmøta.

Styret vil takke bidragsytarane, innleiarane, foredragshaldarane, og deltakarar for gode innlegg

Snøkrabbe

Dei siste åra har Pelagisk Forening fått fleire nye medlemmar som fiskar snøkrabbe. Snøkrabbefiskeriet blei lukka f.o.m. 2025. Pelagisk Forening leverte sjølvsgatt høyringssvar, og har deltatt på møte med NFD om lukkinga.

Styret meiner at lukkinga kom alt for seint, og at lukkinga burde skjedd på ein vesentleg betre måte.



*Snøkrabbeklør.
Foto: Pelagisk Forening*

Reiarlag som fekk avslag på søknadane sine har klagt på avslaga. Klagehandsaminga har òg tatt alt for lang tid. Det er sju snøkrabbefartøy som ikkje har fått svar på klagane sine.

Den lange sakshandsamingstida gjer at fleire reiarlag fekk problem med å rekka utsegningsfristen.

Pelagisk Forening spurte NFD om fristen gjeld for fartøy som får tildelt snøkrabbeløyve nær utsegningsfristen, og/eller etter å ha klagt på avslag. Etter dette har NFD suspendert utsegningsfristen for fartøy som får løyve etter 1.1.25.

Store deler av sesongen er over, og sjølv om enkelte skulle få løyve i 12. time vil fisketapa bli vesentlege for enkelte reiarlag.

Uansett så håpar Pelagisk Forening at snøkrabbefiskeriet blir eit lønsamt fiskeri for aktørane, at det blir mindre kappfiske, og ikkje minst eit sikrare fiskeri.

Forsking, og mangel på forsking

I statsbudsjettet for 2025 blei det klart at Havforskningsinstituttet (HI) fortsett får stram økonomi. Det er òg på det reine at talet på toktdøgn har blitt redusert. HI har òg nedbemanna.

Med ujamne mellomrom har næringa bidrege med millionbeløp til viktig forsking. Beløp som kjem frå inndregne midlar via salslag. Som døme kan nemnast loddetokt i Barentshavet og ved Jan Mayen. No har HI takka nei til ytterlegare støtte frå næringa. Dette pga. å kunne fokusera på langsiktige omstillingar, og arbeid innanfor sitt ordinære budsjett.

Bestandskunnskapen er mangelfull for mange artar. Den varsla snøkrabbeforskninga blei det ikkje noko av. Loddetoktet, som starta for 6-7 år sidan, etter initiativ frå næringa, gjekk ut.

Kolmuletoktet er redusert. Det er nullråd for øyepål, sjølv om det er lite forsking på dette fiskeslaget. For tobisen er det òg nullråd, men framleis forskingstokt. Kveite og breiflabb er òg såkalla «datafattige» artar, men det blir innført strenge reglar for kva kvantum fiskarane kan fiska.



Havforskningsinstituttet på Nordnes er vår viktigste kunnskapsleverandør av forsking på livet i havet. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Fiskarane rapporterer om stadig fleire sjøpattedyr, men det synest ikkje å vera prioritert å forska på kva konsekvensar manglande uttak av sjøpattedyr har for fiskebestandane.

Fiskarar er òg urolege for at bestanden av nordsjøsild er lågare enn kva HI legg til grunn.

Det er positivt at bestandsrådet for hestmakrell gjekk vesentleg opp, men aukinga skuldast metoderevisjon og ikkje betre tokt.

HI har påpeikt at dei har for liten kunnskap om konsekvensane av vindturbinar til havs. Konsekvensane av utvinning av mineral frå havbotnen er fullstendig fråværande.

Styret meiner at med større kunnskap kunne fiskebestandane blitt forvalta betre. Ressursforskinga bør difor styrkast vesentleg. Dette er politikarane sitt ansvar.

For liten kunnskap om bestandsituasjonar kan føra til overfiske eller at det blir fiska mindre enn optimalt, og til tapt verdiskaping. Dette både for fiskar, landindustrien og distrikta.

Sildegilde



*Åpning av Sildegilde ved styreleder Kristian Sandtorv, fiskeriminister Marianne Sivertsen Næss og ordfører Arve Myklebust.
Foto: Norges Sjømatråd*

I mange år har Pelagisk Forening jobba for auka fokus på sjømat. I mai arrangerte Pelagisk Forening, i samarbeid med Norges Sjømatråd, Sildegilde i Oslo. Matelskarar, kokkar, influensarar, politikarar, representantar frå landanlegg med fleire blei invitert på ein trerettars sildemeny på restaurant Gamle Raadhus. Sildegilde blei opna av fiskeriminister

Marianne Sivertsen Næss. Det var òg kåring av «Årets sildeelskar», som Alex Rosén vant. I forkant av Sildegilde fekk Pelagisk Forening innpass på Stortinget. Der blei det delt ut smaksprøvar til mange stortingsrepresentantar. Alex Rosén delte òg ut smaksprøvar, av sild, til tilfeldige forbipasserande.

Prisar

Kvotane er redusert kraftig for mange viktige fiskeslag. Styret konstaterer at høgare prisar har kompensert for store deler av kvotenedgangen.

Avgifter, og «Det grønne skiftet»

Miljø og klima har hatt stort fokus i samfunnet dei siste åra. I klimaet sitt namn er avgifter eit viktig verktøy for styrtsmaktene.



Desserten på Sildegilde: Bringebærmousse på sjokoladebunn, salt sild, is og silderogn. Foto: Norges Sjømatråd

Løyvinga til kompensasjon for CO₂-avgift er auka, men det har òg avgiftssaten, og avgiftsområdet. Frå og med 2025 er avgiftsfritaket for fiske i «fjerne farvatn» frå grunnlinjene oppheva. I «fjerne farvatn» er CO₂-avgifta ¼ av satsen innanfor 250-mila. Det er varsla at avgiftene vil auka fram mot år 2030.

Styret meiner at inntil vidare er den beste måten å få ned klimagassutsleppa, frå fiskeflåten, redusert energiforbruk, gode reguleringar og gode avtalar med landa Noreg deler bestandar med.

Pga. avgiftene er det mange norske fiskebåtar som bunkrar i utlandet, eller brukar eit avgiftsunntak ved å gå til «utenlandsk hamn». Pelagisk Forening har hatt kontakt med Skatteetaten og fått stadfesta at det ikkje er naudsynt å fysisk leggja til kai, i utlandet, for å vera omfatta av unntaket. Det er nyss komen høyringsforslag om å oppheva unntaksregelen.

Lodda

Pelagisk Forening har hatt fokus på loddefiske i Barentshavet i mange år. Foreininga arbeider målretta for å styrkje forskinga, og for å få ein fast årleg kvote. Dette for å «vedlikehalde» marknaden, og for å få fangstdata inn som ein del av forskinga. Diverre blei det ikkje loddetokt i 2024 eller i 2025. I år blei det heller ikkje opna for loddefiske.

Det blei heller ikkje loddefiske ved Island i år, men islendingane har i alle høve mange toktdøgn på lodda.

Pelagisk Forening på Arendalsuka

Pelagisk Forening stilte sterkt på Arendalsuka. Dette med medlemsfartøyet Vestland Arctic, slik som i 2023. Det blei arrangert debattar kvar dag, og det var underholdning av Alex



Styreleder Kristian Sandtorv og fiskeriminister Marianne Sivertsen Næss i debatt på Arendalsuka. Foto: Norges Sildesalgslag

Rosén om bord. På dekk var det servering av matjessild, og snøkrabbe. Det var òg open båt kvar dag, slik at interesserte kunne koma om bord og få omvising på ein moderne snøkrabbebåt.

Debattane var «Havvind- kan man få til sameksistens med fiskerinæringen?», «Hvordan får vi sjømaten både på mat- og klimakartet?», «Hval - en ressurs eller en plage?», og debatt om utvinning av mineral på havbotnen. Det var stor interesse og mange som møtte på debattane.

Vestland Arctic er eit stort og flott fartøy. Båten har et stort dekk og er derfor godt egna til arrangement. Styret rettar ein stor takk til mannskapet, reiarlaget og familien Taranger for å stilla med fartøyet på Arendalsuka!

Arealkonflikter til havs

I fleire år har Pelagisk Forening jobba mykje med problemstillingar i høve til arealkonflikter til havs. Slik òg det siste året. Arbeidet er i høve til vindturbinar, utvinning av mineral på havbotnen, og seismikkskyting. I år etter år legg oljeselskapa opp til seismikkskyting i Nordsjøen i sildesesongen. Det er eit problem at seismikkskyting ikkje er søknadspliktig, men berre er meldepliktig. Diverre legg styresmaktene opp til



Hele «mannskapet» på Vestland Arctic i gang med å forberede smaksprøver av snøkrabbe og sild under Arendalsuka. Foto: Norges Sildesalgslag



Oljedirektoratet, nå Sokkeldirektoratets, gamle logo.. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

same system i utkast til forskrifter for leiting etter mineral på havbotnen.

Pelagisk Forening har samarbeida godt med andre fiskeriorganisasjonar, og opplever at dialogen med styresmaktene har blitt betre.

I høyringssvaret til forskrifter om utvinning av mineral på havbotnen har Pelagisk Forening gitt uttrykk for at leiting må vera søknadspliktig, og ikkje berre meldepliktig.

Pelagisk Forening har sagt tydeleg frå om at omsynet til fiskeriinteressene må vege tyngst ved arealkonflikter på havet.

Høyringar

Fiskeridirektoratet sitt årlege reguleringsmøte er ei munnleg høyring. Her blir reguleringa for dei kommersielt viktigaste artane drøfta. Pelagisk Forening deltok, og leverte innspel i ei rekke saker om regulering av fiskeri for artane medlemmane fiskar.

Pelagisk Forening har òg levert inn ei rekke skriftlege høyringssvar. Dette m. a.

fiskerireguleringar, endringar i omsetningssystemet for fryst kvitfisk, kongekrabbe- og snøkrabbereguleringane for 2025 og vern av kysttorsk.

Det er òg svart på høyringar om evaluering av innføring av ERS og VMS for fartøy under 15 meter, innblanding av fisk under minstemål nord for 62 grader nord, ny lov om vern av marin natur utanfor territorialfarvatnet, forbod mot grensekryssande fiske, oppheving av



Forslag til utredningsprogram for Wind Catching Systems er en av mange høyringar vi har svart på. Foto: Utdrag fra presentasjon fra selskapet

fredingsperiode for havbrisling, forbod mot fiske i oppvekstområde for torsk i Nordsjøen, endringar i ERS-forskrifta, ny forskrift om handtering av groe på skrog, justering av grense for havdeling, omstilling til lågutslepp. Det er i tillegg svart på Utgreiingsprogram for vindkraft, endring i forskrift om miljømessig sikkerheit, forslag om krav til merking av garn i blåkkeitefisket m.m., produsentansvar plast frå

fiskeri, lov om førebygging og reduksjon av matsvinn, lokale reguleringar, gebyrsatsar i ervedsløyveforskrifta, deltakarforskrifta, arealforslag for utvinning av mineral på havbotnen, forskrift om tvistebehandling på norske skip, forskrift om handsaming av ballastvatn på skip og flyttbare innreiingar, statsstøtte til vindkraft «Vestavind B og F».

Det er òg mange fleire høyringar som er vurdert, men der foreininga har valt å ikkje svara fordi høyringane er av mindre interesse for aktiviteten til medlemmane.

Pelagisk Forening i internasjonale forhandlingar

Pelagisk Forening har delteke i ei rekke internasjonale forhandlingane om dei pelagiske artane sild, makrell, lodda og kolmule.

Styret er nøgd med at det blei inngått ein bilateral NVG-avtale med Færøyane. Avtalen bidreg til betydeleg reduksjon av overfiske. Samstundes som auka sonetilgang, for kolmula i færøysona, er kjærkomen i år.

Truleg fiskar ikkje dei norske båtane heile kvantumet Noreg har soneadgang til, men fiskar deler av kvantumet i NØS. I komande forhandlingar er det ein føremon at mest mogeleg er fiska i NØS.

Forhandlingsmøta er mange, tidkrevjande og det er kompliserte tema. Styret takkar Mia Høgi, Ola Christian Olsen og Jonny Lokøy for å representera Pelagisk Forening i forhandlingane. Styret opplever at deltakinga har vore svært nyttig, og styret veit at Pelagisk Forening blir lytta til.

Pelagisk Forening har òg bede om å få delta i den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. Kommisjonen fastset, og fordeler kvotane på felles bestandar i Barentshavet. Diverre har NFD avslått ønsket. Pelagisk Forening har levert skriftleg innspel til møtet. Innspel m.a. om auke av forskning/overvaking av lodda i Barentshavet, vurdering av endring av modellen for forskning og kvoteråd, handheving av minstemålsreglane for torsk og hysa, og reglane om innblanding av undermåls fisk og om stenging av felt.

FUR

I år som tidlegare år har Pelagisk Forening delteke i FUR (Fagleg utval for ressursforskning). Gjennom FUR har Pelagisk Forening m. a. arbeidd for at HI prioriterer loddetokt i Barentshavet, og ved Jan Mayen, og forskning på dei største bestandane i pelagisk sektor, torsk, og sjøpattedyr.

Det siste året har FUR gitt uttrykk for at kvoterådgevinga for lange og brosme bør styrkast, og at det burde vore leigd inn eit fartøy for å dekkja snøkrabbefeltet.

FUR har òg gitt uttrykk for at det er viktig å gjennomføre gytetokt på lodda der loddedekninga under hausttoktet ikkje er tilfredsstillande.

FUR meiner òg at det er viktig at kysttoktet er høgt prioritert, og styrka bestandvurderingane av kystnære ressursar.

Pelagisk Forening har òg tatt opp auking av spekkhoggarar i norske farvatn.

Styret takkar Rose Mari Berge for det gode arbeidet ho gjer i FUR.



Havhest på makrellfeltet. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Sekretariatet

Sekretariatet har bestått av dagleg leiar Mariann Frantsen, advokat Ask Økland, og seniorrådgjevar Mia Høgi. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga.

Styret takker alle medlemmar, myndigheiter, samarbeidspartar og tilsette for godt samarbeid.

Bergen, 28. april 2025

Kristian Sandtorv
styreleder

Marit Hamre
styremedlem

Torbjørn Veia
styremedlem

Kristine Kristoffersen
nestleder

Eirin Roaldsen
styremedlem

Roy Skaar
styremedlem

Vidar Holm
styremedlem



Fønnes. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Fra fiske i fjerne farvann til nasjonal råderett

Av Mia Høgi

Hva Norge kan fiske, bestemmes i stor grad av hvordan vi blir enige med våre kyststatsnaboland. I årlige bi-, tri- og multilaterale forhandlinger skal tautrekkingen om vektingen av kriteriene for hvor mye hver kan få, løses. I denne teksten skal vi se på historikken for norsk fiskeri før opprettelsen av 200 nm økonomisk sone, og litt hva som skjedde etterpå.

Det er velkjent at Norge har vandret langt utenfor våre havområder på jakt etter fisk og sjøpattedyr. Nedgang i fisket hjemme har ført til jakt på lykken andre steder. Utferdstrangen startet allerede på 1850-tallet. På denne tiden var det fritt frem for alle de fleste steder. Det utnyttet vi til det fulle. Vi har fisket hvitfisk og lodde i Canada. Kveite, andre torskefisk og håkjerring på vestkysten av Grønland. På østsiden av Grønland har vi fisket lange, brosme, torsk, håkjerring og bottlenose i Danmarkstredet.

Samtidig har utenlandske aktører vært aktive i norske farvann. Vi har hatt fartøy fra de aller fleste av landene rundt Nordsjøen i det vi nå kaller «våre farvann». I tillegg til å fiske her, har



Lodde har vi fisket ved Jan Mayen og i Barentshavet, men også utenfor Canada. Foto: Ukjent/Pelagisk Forening

de også bidratt med overføring av kunnskap om redskaper og fartøytyper. Trålen kom opprinnelig fra Frankrike og britene var først ute med å skifte fra seil til motor.

Før 1900-tallet hadde man en oppfattelse av at havet var utømmelig. Til tross for advarsler om det motsatte fra blant annet Sovjetunionen stod Norge på sitt. Utover dette århundret fikk man flere kalddusjer når dette viste seg å

være feil. I møte onsdag 26. november 1975 klokken 11 redegjør havrettsminister Jens Evensen i Stortinget om fiskerigrensepolitikk og norske havrettsproblemer:



Norsk fiske i fjerne farvann fra ca. 1890 og fremover. Stripete fisk: fiske etter hvitfisk og reker. Helfarget fisk: pelagiske arter. Spekkhogger: fangst/jakt/fiske etter hval, sel, delfin, hai (håbrann, håkjerring, pigghå). Foto: Google Maps. Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Havets og havbunnens politiske, økonomiske og strategiske muligheter er kommet mer og mer i brennpunktet.

Denne interesseforskyvningen skyldes en rekke forhold. Særlig den teknologiske revolusjon har gjort det mulig å utnytte havenes og havbunnens enorme naturressurser på en langt annen måte enn tidligere.

Rovdriften på havets levende ressurser som fulgte i den teknologiske revolusjons fotspor, aktualiserte frykten for at disse ressurser i overskuelig framtid kunne bli utryddet som følge av nye fiske- og fangstmetoder. Noen av de viktigste dyrearter i havet er alt i fare. (...). Også langs våre kyster, ikke minst i Barentshavet, men også i Nordsjøen, har vi sett klare tendenser til en slik utvikling. Den arktiske torskestammen er allerede for sterkt beskattet. Det samme gjelder sild og makrell. Loddebestanden kan også lett komme i fare.

Videre redegjør Evensen for utfordringene dette har medført og litt om at løsningene som til da var brukt for å løse dette ikke hadde lykket:

Skal vi unngå kaos og internasjonalt anarki på havene, er det nødvendig å komme fram til politiske og folkerettslige nyordninger for havområdene.

Allerede i 1945 hadde USA krevd rettigheter til naturressurser på sokkelen ut til 200 nm, som følge av lovende oljefunn. Videre var det flere land som ønsket større kontroll med uttaket av fisk ettersom nedfisking fikk konsekvenser for lokal fiskerinæring. Før den første havrettskonferansen i 1958 hadde statene kun jurisdiksjon ut til 3 nautiske mil. Selv om Norge hadde stor egeninteresse av et regelverk knyttet til havrett, var Norge lunken til konferansen. Dette var i stor grad begrunnet i at man anså spørsmålet som for komplisert å komme til enighet om.

Gjennom 1960- og ut på 1970-tallet tok FN ansvar gjennom opprettelse, først gjennom en resolusjon med en spesialkomite som skulle jobbe med havbunnen. I dette arbeidet så man at bunnen måtte sees i sammenheng med havet over og det ble gjennomført en FN-konferanse om havets folkerett. Starten på nasjonaliseringen av havet var med dette i sin spede begynnelse. Det var flere diskusjoner om hvor langt man skulle gå i nasjonaliseringen. Selv om Norge da og var en stor fiskerinasjon, måtte man begrense hvor langt man skulle gå i nasjonaliseringen: man måtte ivareta «våre viktige skipsfartsinteresser», som Evensen sa det.

Etter hvert ble det gjennom FN-systemet tydelig at 200 nautiske mils økonomiske soner på sikt ville bli en realitet. Island var en av de første til å utvide sin grense i 1975. Dette medførte store utfordringer, særlig med britene. På bakgrunn av dette ble det fra Norge sitt ståsted helt vesentlig at man, før innførelsen av sonen, ble enig med de land der vi hadde interesser, og med land som hadde interesser i det som ville bli våre farvann.

Nordsjøen var allerede da sett på som utfordrende. I redegjørelse for Stortinget skriver Jens Evensen:


Vi står også overfor en bestemt nabolandsproblematikk, som særlig kommer inn i forbindelse med Nordsjøen. Her må utgangspunktet være å komme frem til løsninger som sømmer seg i forholdet mellom gode naboer.

Hvordan fisket ville bli etter opprettelsen var det stor usikkerhet rundt. Både norsk fiske i egne farvann, norsk fiske i andres farvann, og utlendingers fiske i våre farvann. I Fiskets gang 23. desember 1976 skriver fiskeridirektør Knut Vartdal:

Ved nedtrapping av fisket til ikke-kyststater i den norske sonen vil Norge gradvis kunne få en noe større andel av det som fiskes i vår sone. På den annen side er det usikkerhet omkring deler av vårt fiske ved andre lands kyster. Vi vet også at bestandssituasjonen både i Nordsjøen og Barentshavet er slik at «våre» fiskebestander også vandrer inn i andre lands soner. Og vi ser at disse stater i enkelte tilfeller trapper opp sitt fiske nettopp på slike bestander. Nå de fleste bestander er så fullt utnyttet, kan en risikere at slike opptrappinger skjer på bekostning av norsk fiske. Slike fordelingsproblemer om «felles» ressurser må løses gjennom samarbeid kyststatene imellom. Derfor er det klart at norsk fiskerinæring vil bli avhengig av internasjonalt samarbeid også etter opprettelsen av den økonomiske sonen.»


Problemene med EF, nåværende EU, ble ytterligere forsterket av ulike posisjoner til sonen innad i EF. Noen mente at sonene ble felles EF-hav, mens andre mente at deler av det ble nasjonalt hav, og at man med det kunne begrense andre EF-lands tilgang. I tillegg var det uklart hvem som hadde forhandlingshjemmel. Norge løste dette ved å forhandle med alle land bilateralt, men også med EF.

På slutten av 1970-tallet og på begynnelsen av 1980-tallet inngikk Norge en rekke bilaterale avtaler om fiskeriene. Flere av disse avtalene er fortsatt gjeldende i dag. Totalt ut fra det jeg har klart å finne ble det underskrevet hele 14 avtaler. De fleste ble fremforhandlet av




Oversikt over fiskeriattaler med andre land som ble inngått på 1970- og 1980-tallet. Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

havrettsminister Jens Evensen og daværende statssekretær Arne Treholt¹. I stor grad kan avtalene deles opp i to kategorier: ensidighetsavtaler og gjensidighetsavtaler. I den første ble det forhandlet enten rett for norske fiskere til å fiske i annet land, eller andre lands fiske i norske farvann. Det var en ensidig avtale. Eksempler på dette var avtaler for portugisere i Norge, og norske fiskere på Island. I gjensidighetsavtalene avtalte man både norsk fiske i utenlandsk farvann og utenlandsk fiske i norsk farvann i samme avtale. Slike avtaler laget vi med blant annet Sovjetunionen.



*Norsk fiske i andre lands farvann, og utenlandsk fiske i det som ble norske farvann. Tall i tonn. Tall er hentet fra de respektive avtalene.
Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening*



Etter inngåelsen av avtalene har vi forhandlet frem kvoteavtaler årlig med de landene der vi

¹ I henhold til domsslutningen fra Eidsivating Lagmannsrett ble han tiltalt «for rettsstridig å ha medvirket eller medvirket til at noe åpenbares som bør holdes hemmelig av hensyn til rikets sikkerhet like overfor en annen stat, og hemmeligheten er forrådt til annen stat, og var betrodd den skyldige i stillings medfør» i tiden mellom 1974-1983 i rollen som statssekretær «å ha meddelt sovjetiske etterretningsoffiserer opplysninger betrodd ham i nevnte stillinger» om «havretsspørsmål».

deler ressurser med, eller har avtaler med. For eksempelvis ble det fra 1982 opprettet et trepartssamarbeid om lodde på Island/Jan Mayen med Island og Grønland.

Det er lite, nesten ingenting, om de årlige forhandlingene som ble gjort etter inngåelsen av fiskeriavtalene i Stortingets arkiver. I februar 1994 leverte tre stortingsrepresentanter, Peter Angelsen, Tor Nymo og Unn Aarrestad, inn følgende forslag:

Stortinget ber Regjeringen legge fram en årlig melding om de årlige fiskeriavtaler inngått med andre land. Meldingen bør inneholde presentasjon av de inngåtte avtaler for inneværende år samt en evaluering av forrige års avtaler med opplysninger om hvilke norske fartøygrupper som har fisket på de kvoter Norge har fått i bytte og om kvotene er blitt fisket i sin helhet.

Forslaget ble begrunnet i at fiskeriavtalene hadde fått store innvirkninger på enkelte flåtegrupper, og «fører til en betydelig omfordeling av fangstmulighetene mellom» kystflåten og den havgående flåten. Konkret var det bekymring for om kvotebytte av torsk nord til tredje land hadde medført en omfordeling fra kyst til hav.



Tett på makrellfeltet. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Forslaget om en årlig Stortingsmelding ble vedtatt i april 1994, og året etter ble den første Stortingsmeldingen publisert. Det har siden blitt publisert årlige Stortingsmeldinger om fiskeriavtalene som er inngått, og fiske på disse. De gir en kort redegjørelse for avtalene, utfordringer, historikk og hva embedsverket jobber med.

Med opprettelsen av den økonomiske sonen fikk Norge råderett over et havområde mer enn fire ganger større enn fastlands-Norge. Vårt fiske utenfor egne områder ble begrenset, og utlendingers fiske i norske farvann ble begrenset, men ikke fjernet. Norsk fiskeri før og etter

opprettelsen har gjennomgått en stor forandring. Fiske nå, for norsk fiskerinæring, er prisgitt forhandlingene med våre kyststatsnaboland. Petter Holm oppsummerer endringen slik i boken «Havet, fisken og oljen»:

Med 200 mils økonomiske soner og kyststaten som ansvarlig for bærekraftig forvaltning av fiskebestandene kunne havet gjerdes inn og ressursene telles og temmes. Havforskeren ble hyret inn som vakthund for den blå grøden. Fiskeren ble omskolert fra jeger til innhøstingsmaskinoperatør, med garanterte fartøyskvoter og mulighet for strukturering. Verdenshavet (...) er blitt forvandlet til et akvarium, på overflaten uendret, like bølgende salt og vått som før, men likevel gjennomsiktig og sårbart, med alle vesentlige verdier målt, veid, kvotebelagt og sporet.

Kilder:

- Fiskeridirektoratets digitalarkiv
- Fiskets gang
- Stortingets digitalarkiv
- Nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket
- Norges fiskeri- og kysthistorie (Bind II, III og IV)
- Trålfiskets historie, Thor Iversen, Årsberetning vedkommende Norges Fiskerier, 1937
- Aarsberetning vedkommende Norges fiskerier for 1926, Fiskeridirektøren
- [Det norske kystfiske utenfor fiskerigrensen og i fjerne farvann](#), Birger Rasmussen, 1956
- [Ressurssituasjonen for norsk fiskerinæring](#), Knut Vartdal, 1978
- [En kyststat trer fram – Norsk havpolitikk 1973-1995](#), Magnus Brynildsrud Andersson, Doktorgradsavhandling, UiT, 2021
- [Et marked for fisk? Om EFs fiskeripolitikk og norsk fiskerinæring](#), Petter Holm (red.), Kystnæringen, 1993
- [Fiskerinæringen](#), Bjørn S. Brochmann og Øystein Josefsen, Tiden Norsk Forlag, 1984
- [Bærekraftig utnytting i norsk fiskerinæring – eit case-studium: Nordsjø-sild-fisket](#), Trond Bjørndal og Anders Toft, Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning, 1992
- Fra 12 til 200 nautiske mil: Utviklingen av den norske fiskerigrensepolitikken 1970-1977, Kathrine Kjellmann Brachel, Masteroppgave, UiO, 2015



© Pelagisk Forening 2025



Båter på feltet. Foto: Thorbjørn Hide/Norges Sildesalgslag